



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 27.02.2018  
Vår ref.: 2018/2015  
Arkivnr.: 512.1

Innovasjon Norge Rogaland  
Postboks 8034  
4068 STAVANGER

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Oppdragsbrev 2018 - strategisk bruk av bedriftsretta investeringsmidlar i landbruket

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har i tildelingsbrev 2018 gitt Fylkesmannen i Rogaland i oppgåve å formidle signal om den strategiske bruken av dei bedriftsretta landbruksmidlane Innovasjon Norge Rogaland forvaltar. I brevet er det gitt følgjande føringar: *«For føringar knyttet til IBU-midlene skal det regionale partnerskapets strategiske føringar avgrensas til prioritering mellom ulike produksjoner i den enkelte region. I tillegg til å gjøre prioritering mellom produksjoner er det mulighet til å gjøre å prioritering mellom regioner innad i fylket. Det er ikke mulighet for partnerskapet å sette egne regionale tak for tilskudd.»*

Vi viser elles til oppdragsbrev frå Landbruks- og Matdepartementet til Innovasjon Noreg datert 22.02.2018. Her er det m.a. vist til dei nasjonale føringane for IBU-midla, der det i første punkt er vist til at for mjølkebruk skal vi *«spesielt prioritere behov for å fornying av driftseiningar som i dag har ein storleik på mellom 15-30 årskyr»*. Når det gjeld gjødsellager skal tiltak som bidreg til redusert utslepp prioriterast, og bruk av tre som byggemateriale er framheva. For dei ekstra midla (75 mill.) er det framheva at midla spesielt skal innrettast mot produksjonar som har marknadspotensial, t.d. til frukt- og grøntnæringa.

Rogaland er tildelt 47,32 mill. kroner i investeringsmidlar, i tillegg kjem 6 mill. kroner frå dei ekstra midla som kom gjennom statsbudsjettet for 2018. I sum blir dette **53,32 mill. kroner** for 2018. Fylkesmannen i Rogaland er tildelt 3,84 mill. kroner til sitt arbeid med utvikling og tilrettelegging.

Dette oppdragsbrevet brevet bygg også på vårt brev av 03.02.2017, supplert med brev av 20.10.2017 om tilskott til frukt og bær. Hovudgrepa frå 2017 står fast, men det er gjort ein del justering innanfor dei same prioriteringane.

Handsaminga av enkeltsøknadar skal vere i samsvar med «Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket», fastsett 19. desember 2014. *Regionalplan for landbruk i Rogaland* gir framleis dei viktigaste strategiske føringane for bruken av midlane. Det er viktig at midlane blir

nytta slik at dei utløyser regionale fortrinn og potensial for næringsutvikling knytt til heile breidda av landbruket sitt ressursgrunnlag. Midlane er eit viktig økonomisk verkemiddel for å nå målet om auka matproduksjon og verdiskaping i landbruket.

Midlane kan gis;

- *som støtte til investeringar med mål om å oppretthalde eit variert landbruk i heile fylket, gjennom å bidra til etablering, oppgraderingar og modernisering av driftsapparat, eller til utvikling av landbruksbaserte næringa.*

Innovasjon Norge Rogaland skal forvalte midlane i samsvar med tiltaksområda i forskrifta;

- etablering av ny verksemd
- bedriftsutvikling
- investeringar i produksjonsanlegg
- Investering i økologisk fruktdyrking
- investeringar i samband med generasjonsskifte

I samband med Stortinget si behandling av meld. St 11 (2016-2017) jf. innst. 251 S (2016-2017) frå Næringskomiteen er det kome ein del nye signal i landbrukspolitikken. Dette har resultert i ein del nye føringar gjennom jordbruksoppgjeret for 2017, t.d. dette med prioritering av små og mellomstore bruk. Når det gjeld mjølkebruk skal fjøs for 15-30 kyr ha prioritet. Auka konkurransekraft er også eit tydeleg mål.

Dei siste åra har det vore ein spesiell situasjon med stor etterspørsel etter midlar, noko som også illustrerer stor investeringsvilje i næringa. Med grunnlag i praksis innført hausten 2016, er det starta løyving av 2018-ramma hausten 2017. Det er semje om å ikkje ha søknadsfrist i 2018.

Dei strategiske føringane for midlane er godt forankra i den regionale partnarskapen, der det er lagt til grunn at midlane skal brukast slik at måloppnåinga blir størst. Det overordna landbrukspolitiske målet i Rogaland er å styrke og auke produksjonen av mat. Desse er dei viktigaste måla:

- Eit variert og aktivt landbruk i heile fylket
- Halde oppe husdyrproduksjonen i sentrale område og styrke husdyrproduksjonen i distrikta
- Mjølkeproduksjonen i distrikta blir vidareført med minst same volum som for år 2010
- Auka beitebruk
- Positiv effekt på miljø- og klima

Det har nå over to år vore ei tydeleg satsing på storfekjøtt, og det er bygd opp ein produksjonskapasitet som på sikt vil gi klar auke i produksjon. Sjølv om det ennå er underskot på storfekjøtt, går det mot balanse i marknaden. For 2018 skal det satsast ennå tydelegare på nye mjølkekufjøs, som gir noko lågare prioritet av nye ammekufjøs. Grunna overproduksjon av saue- og lammekjøtt skal investeringsmidlar til sauehus ikkje ha prioritet. Det same gjeld midlar til kraftfôrbaserte produksjonar (fjørfe og gris), også for dei som må tilpasse seg kravet om frittgåande høner. Vidare skal arbeidet med betre vasskvalitet framleis prioriterast gjennom tilskot til miljøtiltak på gardsbruk i nedslagsfelt til prioriterte vassdrag. Det er aktuelt å revidere kva vassdrag som skal ha prioritet.

## **Konkrete føringar for Innovasjon Norge Rogaland**

*Regionalplan for landbruk i Rogaland* med oppfølgjande handlingsprogram, gir ramma for landbruksbasert næringsutvikling generelt, og bruken av dei bedriftsretta midlane spesielt. Overordna føringar for dei prosjekt Innovasjon Norge Rogaland skal gi tilskot til, er at tilskota har klar effekt for lønsemda i prosjekta og at kunden har tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet. Berekraftig prosjektøkonomi er sentralt i vurderinga av enkeltprosjekt, men Innovasjon Norge Rogaland kan også legge til grunn totaløkonomien på gardsbruket. I dette ligg også det totale ressursgrunnlaget og lokaliseringa av dei disponible areala.

Distrikta skal prioriterast og 70 % av midlane skal nyttast utanom dei *sentrale områda* på Jæren – jf. tidlegare avklaring om kva område dette gjeld. I behandlinga av søknadar skal det takast utgangspunkt i kor driftssenteret ligg. Nye kufjøsprosjekt i distrikta skal ha særleg høg prioritet og det skal praktiserast høg utmåling av tilskot til desse prosjekta, gitt at også andre føresetnader er oppfylte. Det er særleg viktig at prosjekta er godt tilpassa tilgjengeleg ressursgrunnlag på garden, med særleg vekt på beiteressursar.

Områda utanom region Jæren har i dag om lag 35 % av den samla mjølkeproduksjonen i fylket. I distrikta set dei naturgitte føresetnadane ofte klare grenser for realisering av store nye kufjøs, både av økonomiske og praktiske årsaker. Dette talar også for at nye kufjøsprosjekt i distrikta har særleg prioritet, også med lågare mjølkekvote enn som er normalt ved nybygg. Her viser vi særleg til nemnte nasjonale prioritering som gjeld fornying av fjøs for 15-30 kyr. Det skal ikkje stillast krav til auka mjølkevolum på det aktuelle bruk, grunnlaget skal vere fornying av eksisterande driftsomfang.

Det er viktig at både bygga og produksjonsomfanget i størst mogleg grad er tilpassa naturlege føresetnader – noko som også gir akseptabel prosjektøkonomi. For det første ser vi det som naturleg at det meste av fôrarealet er eigd, eller leigd i kort avstand frå nyfjøsset. Vidare er det viktig at bygga blir plasserte slik at det ligg godt til rette for aktivt beitebruk og helst utan tap av jordbruksjord.

Nye ammekufjøs har ikkje prioritet på Jæren. Ammekufjøs skal ha noko strengare vurdering og lågare utmåling enn i 2017, og vi vil evaluere denne satsinga i løpet av 2018. Nybygg/tilbygg til mjølkefjøs og ammekufjøs for kjøtproduksjon basert på eige påsett har låg prioritet, men kan få støtte på vilkår av tilstrekkeleg grovfôrgrunnlag på bruket og ut frå særlege omsyn. Nye ammekufjøs skal plasserast slik at det ligg godt til rette for aktiv beitebruk. Ordninga med inntil kr 150 000 i ekstra tilskot ved investering i ny driftsbygning i tre blir ført vidare.

Kriterieordninga for etablering og vidareutvikling av frukthagar datert 20.10.2017 blir vidareført, samstundes er det semje om at saker som gjeld frukt kan gi noko lågare tilskotsats enn i 2017. Etablering av bærproduksjon har høgare prioritet. Kriterieordning for miljøtiltak gjeldande for 2017 gjeld også i 2018, eventuelt med involvering av nye prioriterte vassdrag.

For nye landbruksbaserte næringar har mat og kombinasjon mat og aktivitetsbasert reiseliv framleis prioritet, og andre prosjekt med særleg høg innovasjonsgrad. Potensiale for vekst er her sentralt. Ambisjonen om at minst 5 % av midla går til nye landbruksbaserte næringar står ved lag.

Landbruket i Rogaland har stort potensiale i både å produsere og gjere seg nytte av fornybar energi frå landbruket. Det er sentrale ordningar for bioenergi frå skogbruket og det er gitt konkrete regionale føringar for bioenergi i m.a. Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland. Det er også viktig å ha merksemda retta mot etablering av biogassanlegg og bruk av biogass.

## **Oppsummert**

IBU-midlane Rogaland skal gå til mjølkekufjøs (heile fylket), ammekufjøs/storfekjøtfjøs (distrikta), miljøtiltak, frukt/bær, generasjonsskifte, nye landbruksbaserte næringar (mat-/reiselivsprosjekt har prioritet) og andre prosjekt med særleg høg innovasjonsgrad. Med målsetnad om effektiv, rettferdig og god saksbehandling og føreseielege tilskotsrammer kan Innovasjon Norge Rogaland bruke tilsvarende modell/tabell som i 2017 som retningsgjevande føring for prioritering, med noko lågare prioritering av ammekufjøs.

## **Rapportering**

Innovasjon Norge Rogaland skal innan 1. februar 2019 sende eigen rapport til Fylkesmannen i Rogaland, på bruken av midlane i fylket for 2018 sett opp mot strategien i fylket.

## **Kontroll**

Innovasjon Norge Rogaland står for utbetaling av midlane til dei som mottek tilskot. Det skal først rekneskap der det til ei kvar tid går fram informasjon om tilskotsmottakarane, ansvar for løyvde midlar, avsetningar i tapsfond og utbetalingar under ordninga. Det skal vere etablert tilstrekkeleg gode kontrollsystem og – rutinar, både internt hjå Innovasjon Norge Rogaland og ovanfor tilskotsmottakarane.

Ved sida av Innovasjon Norge kan LMD, Fylkesmannen i Rogaland og Riksrevisjonen gjennomføre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadane. Fylkesmannen i Rogaland, eller andre som er peika ut av LMD, kan kontrollere at Innovasjon Norge Rogaland forvaltar ordninga slik det er fastsett i brevet.

## **Kalender**

1. Innovasjon Norge Rogaland skal innan 1. februar 2019, sende rapport om bruken av midlane i 2018 til Fylkesmannen i Rogaland, med kopi til den regionale partnerskapen. Rapporten skal omfatte vurdering av verkemiddelbruken i forhold til m.a. føringane i dette brevet.
2. Fylkesmannen i Rogaland skal innan 28. februar 2019, sende rapport om bruken av midlane i 2018 til LMD, med kopi til Innovasjon Norge.
3. Innovasjon Norge Rogaland skal, innan 15. august 2018, sende rapport til Fylkesmannen i Rogaland som viser bruken av midlane så langt i året. Denne midtvegsrapporteringa kan gjerast i ei noko enklare form.

Innovasjon Norge Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Rogaland Bondelag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Skognæringsforum og Fylkesmannen i Rogaland, utgjer ein viktig regional landbrukspartnerskap i Rogaland. utfordringane og moglegheitene for landbruket er mange og framleis godt samarbeid mellom desse - blir endå viktigare for å sikre eit framtidig konkurransekraftig og attraktivt landbruk i fylket.

Vi vil elles gi Innovasjon Norge Rogaland ros for god måloppnåing på landbruksområdet i 2017 og ser fram til samarbeidet også i 2018.

Med helsing

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes  
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80  
E-post: fmroaro@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland bonde- og småbrukarlag			
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Rogaland skognæringsforum			
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
Innovasjon Norge	Pb 448	0104	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	Oslo